



DEN NORSKE KYRKJA
Ei evangelisk- luthersk folkekyrkje



Årsmelding for Åseral sokn 2022



Soknerådet i Åseral i 2022 :

Leiar: Åse Austrud
Nestleiar: Lise Marit Tickner
Medlem: Siren Håvorstad
Medlem: Andreas Forgard
Medlem: Birger Oskar Øyulvstad
Medlem: Olav Åsland
Varamedlemar: Elin Torhild Forgard
Elling T Eikerapen

Geistleg representant: Sokneprest Kjell Steinbru

Vararepresentant: Prost Gunnar Ellingsen/vikar haust Steinar Floberg

Råd og utval

Råd utval	Medlemmar
Trusopplæringsutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Andreas Forgard, Åse Austrud, Gunvor Ljosland og Arna Berg
Konfirmantutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Astrid Skeibrok, Siren Håvorstad og Andreas Forgard.
Gudstenesteutval	Sokneprest Kjell Steinbru, Åse Austrud og Arna Berg.
Diakoniutval	Prostidiakonen, Sokneprest Kjell Steinbru, Lise Marit Tickner og Arna Berg
Redaksjonskomite og styre for kyrkjebladet	Olav Åsland og Arna Berg
Kirkens Nødhjelp-kontakt	Arna Berg

Personale:

Sokneprest: Kjell Steinbru.

Kyrkjevevjerje: Sjur Høgetveit

Kyrkjetenarar Åseral kyrkje: Markus Oma, Åse Austrud vikar på timebasis.

Trusopplærar/babysong: Gunvor Ljosland

Konfirmantarbeidar: Astrid Heggland Skeibrokk på timebasis

Ringer i Åknes: Cay Håvorstad på timebasis

Organistar : Oddbjørn Stakkeland, Knut Olav Uppstad, Ann Margret Haaland.

Reinhaldar i Åseral kyrkje: Åse Austrud

Reinhaldar Åknes kapell: Lise Marit Tickner på timebasis.

Kyrkjelydssekretær: Åse Torhild Guldsmo. Tilsett i Eyje og Hornnes men utleigd til Åseral.

Klokkartenesta har blitt utført av frivillige, samt delar av kyrkjetenararbeidet.

Klokkarar: Turid Røynlid, Tove Forgard, Inger Røysland Åsland, Arna Berg.

Kyrkjefadrar: Gerd Austegard Linjord, Inger Røysland Åsland, Grete Torhild Forgard, Anne Siv Lauen, Siren Håvorstad, Turid Røynlid.

Oppgåver jfr. Trosamfunnsloven:

Utval/komite tiltak	Oppgåver	Personar	2020
Leiing:			
Sokneråd	Økonomi, strategi, leiing	Valde	6 møter, 42 saker
Arbeidsutval	Støtte for sokneråd	Indirekte vald	
Gudstenestelivet/kyrkjelege handlingar			
Gudstenesteutval	Planlegging av gudstenester, engasjera frivillige til klokkarteneste, kyrkjevert, kyrjekaffi mm.	Frivillige, soknepresten	
Gudstenester		Sokneprest, tilsette, frivillige	Gudstenester
Kyrkjelege handlingar	Gravferd, vigsel, dåp	Sokneprest, tilsette	
Andaktar Åseralsheimen		Sokneprest, prostidiakon	
Sorgsamtaler		Sokneprest	
Kyrkjeleg undervisning			
Trusopplæringsutval	Trusopplæringsplan	Sokneprest, frivillige	
Trusopplærings tiltak og komitear		Sokneprest, frivillige	
Konfirmantutval		Sokneprest, frivillige	
Konfirmantundervisning		Sokneprest, frivillige	
Samarbeid skule	Gudsteneste før jol	Sokneprest, tilsette, frivillige	
Samarbeid barnehage	Barn frå barnehagen planta i Barnas blomebed ved Åseral kyrkje	Kyrkjetenar, frivillige	
Diakoni			
Diakoniutval	Diakoniplan	Diakonen, soknepresten, frivillige	4 møter
Diakonisamarbeid	Felles Otredal prosti	Prostidiakon 15 %	Eiga årsmelding
Kyrkjemusikk			
Konsertar og arrangement		Tilsette, frivillige	
Misjon			
Misjonsprosjekt	Misjonsalliansen sitt arbeid i Liberia		
Økonomi/gjevarteneste			

Kommunikasjon			
Kyrkjelydsblad	Kyrkjeblad felles med Evje og Hornnes	Felles redaksjon og styre.	Eiga årsmelding
Heimeside	Informasjon, påmelding	Soknepresten	
Anna marknadsføring	Facebook, Åsdølen, annonsering, oppslag	Tilsette, frivillige	
Anna			
KN kontakt	Fasteaksjonen	Frivillig	
Kriseteam	Kommunalt	Sokneprest	

Nøkkeltal:

Åseral sokn	2020	2021	2022
Dåp	8	6	9
Konfirmantar	0	8	5
Vigsler	2	6	2
Deltakarar vigsler		366	89
Gravferder		6	5
Deltakarar gravferder		330	361
Gudstenester søndag/heilag	17	14	26
Deltakara søndag...	757	662	1713
Gj. snitt søndag..	45	47	66
Andre gudstenester	4	1	1
Deltakarar andre gudstenester	79	12	25
Nattverdsgudstenester	2	0	4
Deltakarar nattverd	31	0	177
Gj snitt nattverd	16	0	44
Familiegudstenester	2	2	4
Deltakarar familiegudstenester	91	72	200
Gj.snitt familiegudstenester	30	36	50
Ungdomsgudstenester	1	0	2
Deltaking ungdomsgudstenester	41	0	64
Skule/barnehagegudstenester	2	0	1
Deltaking jolaftansgudstenester	0	0	150
Økumeniske gudstenester			1
Deltaking økumeniske gudstenester			75
Allhelgensgudsteneste deltaking			13
Andakt institusjon	1	2	6
Besøksteneste	47	48	35
Sjelesorgsamtalar	0	0	0
Konsertar	1	0	3
Deltaking konsertar	24	0	160

Totalt 2348 kyrkjebesøk pluss skulegudsteneste

Nøkkeltal trusopplæring:

Tiltak	Oppmøte	% oppmøte
Babysong	12	80
0-4 kyrkjefadrar	30	97
4-årsbok	2	100
5-kyrkjerotter	7	100
6-års bok	7	100
8-9 Tårnagentane	9	62
10- år nytestamente		
11- år Lys våken	7	56
15- konfirmasjon	5	100
16-17 konfirmantleiarar	0	0

Rekruttering - utvikling medlemmar 0-4 år :

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
38	31	33	30	30	29	26	26

Rekruttering/medlemar i prosent av antal personar mellom 0-4 år:

2019	2020	2021
71,4	66,6	65,0

Kommentarar til nøkkeltal:

Deltaking i kyrkja har auka grunna at pandemien er slutt.

Folkekyrkja sin styrke er framleis at me har tilnærma 100% oppslutnad om gravferder og er det naturlege valet for folk flest når dei skal ta avskil med sine næraste. På dette området er det ingen som kan erstatta kyrkjens rolle i overskodesleg framtid

Kyrkja har også god oppslutnad om trusopplæringstiltaka og konfirmasjon blant medlemmane. Det som vert avgjerande er at medlemstalet oppretthaldast. Dette skjer ved dåp. Dette talet har diverre ein langsiktig negativ utvikling. Men 2022 er eit lite lyspunkt med 9 dåp og 8 av desse er åsdølar.

Prestens årsrapport for Åseral.

Generell vurdering av situasjonen i soknet: Ingen store endringar. Det har vore eit oppsving i talet på arrangement og tilsvarende oppslutning i tal på frammøtte etter korona-nedstigninga. Relativt godt frammøte på trusopplæringstiltak. God prosentvis oppslutning om dåp.

Gudstenester: Ingen store endringar. Ei gudsteneste utanom det vanlege var jubileumsgudstenesta den 28. august. Det er også godt besøk på gudstenester på vintersportsstader i påska. I det heile er gudstenester utandørs betre besøkt enn vanlege

gudstenester i kyrkja. I 2022 var det desse gudstenestene utanom dei vanlege: Ei friluftsgudsteneste i Åknes, men den vart flytta innandørs på grunn av regn, tre i samband med trusopplæring, ei på Fjellhagens dag, ei veteranbilgudsteneste, ei minnestund for avlidne i året som gjekk, ei ljosome med konfirmantane i Åknes og konfirmantpresentasjon med deltaking av 75-årskonfirmantar. Det har også vore dåpgudstenester i eige gudstenester. I år vart det igjen skulegudsteneste før jul med god deltaking, men på grunn av sjukdom var nokre elevar heime denne dagen.

Den tradisjonelle veteranbilgudstenesta samla også i år mange menneskjer. Arrangementet er eit samarbeid med Minne kultursenter og Frivilligsentralen Oppas Hus. Etter gudstenesta hadde soknerådet ansvar for kyrjekaffi med mykje god heimebakst ute på kyrkjebakken.

Konfirmantarbeid.

Konfirmantutvalet består av sokneprest Kjell Steinbru, Astrid Heggland Skeibrok, Siren Håvorstad og Andreas Forgard. 5 konfirmantar deltek i sesongen 2022/23. 5 vart konfirmert våren 2022. Astrid Heggland Skeibrok er tilsett på timebasis som medhjelpar. Ho hjelper til med forskjellige praktiske ting. Hun har med mat til undervisningstimane. Ho gjennomførte Kick-off. Ho organiserer også overnattingstur for konfirmantane til eige hytte i Åseral der presten også er med. Konfirmantundervisninga har vore på sakristiet i Åseral kyrkje.

Trusopplæringstiltak

Trusopplæringsplanen har blitt gjennomført som normalt. Sjå liste over tiltak i nøkkeltal over. Det er familiegudstenester i samband med 4/6 – års bok, tårnagentar og lys våken.

Hjelpearbeid og misjon:

Kirkens Nødhjelp – fasteaksjon

Kirkens Nødhjelp markerte 75 års jubileum i 2022, med håp som overordna tema. Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon var ei viktig del av markeringa med tema «Håp i en dråpe vann». Kirkens Nødhjelp arbeider med å sikra at menneske i naud får tilgang til vatn, hygiene – og sanitære løysingar.

Etter to år med digital innsamling var det godt å koma i gang att med den årlege dør til dør bøsseinnsamlinga. Konfirmantane, soknerådsmedlemar og andre frivillige besøkte alle husstandane i kommunen. Gjennom fasteaksjonen kom det i alt inn kr. 43 713.- i Åseral.

Hausten 2022 var Arna Berg, kontaktperson i Åseral for Kirkens Nødhjelp, med på mobiliseringsreise til Tanzania. Dei besøkte vasspumper og andre prosjekt som har kome i gang på grunn av innsamla midlar. Hjelpa har kome fram og mange menneske har fått eit nytt liv, ny framtid og håp.

Misjonsprosjekt.

Soknerådet har Misjonsalliansen, Liberia, som misjonsprosjekt med tre offer og inntil kr. 5 000,- pr år

Offer: I offer kom det inn totalt kr. 107893,20 av dette var kr 13937,20- til eiga verksemd.

Song, musikk, kulturarrangement:

Påskekonserter Ljosland 13. april

Pianokonsert m.m med Oddbjørn Stakkeland 4. desember

Vi syng jola inn 11. desember

Kyrkjejubileum:

Det har vore ein komite som har arbeid med markeringa av at Åseral kyrkje i 2022 vart 200 år. Medlemmene i komiteen har vore: Turid Røynlid, Birger Øyulvstad, Arna Berg, Toralf Tveit, Jørgen Åsland og sokneprest Kjell Steinbru. Sjur Høgetveit har vore sekretær.

I samband med dette er det viktig og trekke fram jubileumsgudstenesta den 28. august med deltaking av prest, prost og biskop. Solid musikalsk framføring av folkesongar av Kari Røynlid og operasongar Tonje Haugland imponerte også alle.

Stor fest på bedehuset etter gudstenesta der mellom anna bedehuset og Betania ytte solid innsats for at dette skulle verte ei god og minneverdig dag for bygda.

Me takkar også Åseral kommune og Sparebanken sør for sine bidrag til nytt og betre piano i Åseral kyrkje. Dette instrumentet var også brukt i gudstenesta og fekk vist sitt fylde med ingen ringare enn Oddbjørn Stakkeland bak tangentane.

Jubileumsbok:

I samband med jubileet var det også laga ein jubileumsbok «til Guds ære og folkets gavn». Forfatter er Frans-Arne Stylegar. Her er mykje interessant historie for folk flest illustrert med flotte bilete teken av Tor Reidar Austrud. Boka er i sal på Minne, på kyrjekontoret og Norli bokhandel på Evje. Sjå nærare omtale på heimesida.

Informasjon:

Heimeside og Facebookside.

Her finn ein kontaktinformasjon og kalender. Sokneprest Kjell har gjort ein kjempeinnsats med å leggja ut nye innlegg.

Kyrkjeblad

Tredje året med felles kyrkjeblad for Åseral, Evje og Hornnes. Åseral har to medlemar i styret og redaksjonskomiteen for bladet. Frivillige delar ut bladet til alle husstandane i Åseral.

Frivilligsentralen:

Åseral sokneråd er med i frivilligsentralen som medeigar. Alle eigarane kan bruka frivilligsentralen sin buss, dette har vore til nytte i konfirmantarbeidet.

2022 var frivillighetens år og i Åseral blei det laga ein filmsnutt om frivillighet. Kyrkja var med i denne og fortalde om alle oppgåvene som vert gjort av frivillige.

Bygg og anlegg:

Dugnad på gravplassane:

I år vart det gjort ein solid dugnadsinnsats på gravplassane med påfylling av jord i søkkane. Soknerådet er takksam for alle dei arbeidstimar som her vart lagd ned.

Vedlikehald.

Nytt tak på Ljosland kapell vart utført på dugnad. Me takker for denne store innsatsen som elles hadde kosta kyrkja et betydeleg beløp. Vidare vart Åknes kapell måla og vedlikehalden utvendig.

Delar av bårhuset i Åseral har fått ny kledning og målinga vart også her gjort på dugnad. Igjen takk for dugnadsanden.

Takk.

Takk til alle som bidrog med ulike tenester i kyrkjelyden i 2022!

Åse Austrud

Soknerådsleiar

Sjur Høgetveit

Kyrkjeverje

Vedlegg:

Økonomi

Årsrapport gudstenesteutval

Årsrapport trusopplæringsutval

Årsrapport diakoniutval

Årsrapport diakonisamarbeid

Årsrapport kyrkjeblad

Økonomi:

Soknerådsfunksjonen – anna kyrkjeleg verksemd, ikkje revidert

Utgifter			
Lønninger	Regnskap	Budsjett	avvik
Fastlønn	26 770,89	95 000,00	
Kveld og nattillegg	0,00	3 000,00	
Kveld og nattillegg	2 687,63	0,00	
Påløpt lønn	-938,00	0,00	
Lønn til vikarer	737,44	0,00	
Lønn til ekstrahjelp	19 673,70	0,00	
Variable tillegg ekstrahjelp	4 444,27	0,00	
Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	263,94	0,00	
Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	17 561,88	0,00	
Avgiftspliktig honorar	3 000,00	0,00	
Pensjonsinnskudd	4 867,15	18 000,00	
Pensjonsinnskudd	5 318,17	0,00	
Trekkpliktige forsikringsordninger	714,03	0,00	
Arbeidsgiveravgift	3 775,37	12 000,00	
Arbeidsgiveravgift	5 344,85	0,00	
Sum lønnsutgifter	94 221,32	128 000,00	-33 778,68
Varer og tjenester			
Kontormateriell, aviser, tidsskrifter	0,00	10 000,00	
Aktivitetsrelatert forbruksmaterieell/utstyr/tjenester	0,00	6 000,00	
Aktivitetsrelatert forbruksmaterieell/utstyr/tjenester	9 207,29	0,00	
Dåpsopplæring	11 418,11	10 000,00	
Dåpsopplæring	7 135,27	0,00	
Bibler	2 688,00	0,00	
Konfirmantarb.	969,57	3 000,00	
Konfirmantarb.	9 550,40	0,00	
Annet forbruksmaterieell	941,76	2 000,00	
Annet forbruksmaterieell	1 063,30	0,00	
Matvarer	199,30	5 000,00	
Matvarer	3 937,42	0,00	
Gebyr, post,bank	1 395,00	0,00	
Annonse, reklame,trykking, informasjon og representasjon	1 747,20	0,00	
Gaver/blomster	2 096,50	0,00	
Opplæring, kurs	0,00	3 000,00	
Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er oppgavepliktige	1 743,00	5 000,00	
Utgifter og godtgjørelser for reiser, diett, bil m.v. som er oppgavepliktige	2 212,00	0,00	
Forsikringer og utgifter til vakthold og sikring	1 723,00	0,00	
Leie av lokaler og grunn	0,00	10 000,00	
Kjøp, leie og leasing av inventar og utstyr	1 423,00	0,00	

Konsulentttjenester/kjøp av tjenester	33 250,40	124 000,00	
Sum varer og tjenester	92 700,52	178 000,00	-85 299,48
Sum utgifter uten mva og offer til andre og tilskudd til andre	186 921,84	306 000,00	-119 078,16
Tilskudd til andre, tilbakebet Hekta	11 878,75	0,00	
Sum utgifter uten mva og offer til andre	198 800,59	306 000,00	-107 199,41
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	1 691,67	0,00	
Merverdiavgift som gir rett til momskompensasjon	4 088,32	0,00	
Overføring av ofringer/middel samlet inn til andre	93 956,00	62 000,00	
	99 735,99	62 000,00	37 735,99
Sum utgifter	298 536,58	368 000,00	-69 463,42

Inntekter	Regnskap	Budsjett	Avvik
Refusjon fra fellesråd	-16 182,00	0,00	-16 182,00
Tilskudd fra rettsobjektet Den norske kirke	-3 400,00	-129 000,00	125 600,00
Tilskudd fra rettsobjektet Den norske kirke	-130 000,00	0,00	-130 000,00
Tilskudd fra kommunen/kommunale institusjoner	-119 988,00	-120 000,00	12,00
Offer/samlet inn til egen virksomhet	-13 937,20	-22 000,00	8 062,80
Offer/samlet inn til annen virksomhet	-93 956,00	-62 000,00	
Tilskudd/gaver fra andre	-500,00	0,00	-500,00
Inntekter uten mva og offer til andre	-377 963,20	-333 000,00	-44 963,20
Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskapet	-1 691,67	0,00	
Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskapet	-4 088,32	0,00	
Sum inntekter	-383 743,19	-333 000,00	-44 963,20
Overskudd/mindreforbruk	-85 206,61	35 000,00	-120 206,61

Kommentarer:

Det var budsjettert med eit underskott på kr. 35 000,- noko som gjer at funksjonen ligg an til eit mindreforbruk på over kr. 120 000,- i forhold til budsjett.

Det er eit stort mindreforbruk på løningar på over kr. 33 000,- grunna at det ikkje har lukkast å tilsetja trusopplærar og kyrkjelydsarbeidar i så stor grad som planlagd.

Vidare er det eit underforbruk på varer og tenester på over kr. 85 000,- grunna at diakonisamarbeidet vart avslutta.

Soknerådet har fått kr. 130 000,- i trusopplæringsmidlar frå kyrkja sentralt (Rettssubjektet Den Norske kyrkje). Desse skal nyttast til trusopplæring for gruppa 0-18 år, og bruken av desse må rapporterast til kyrkja sentralt.

Må fekk eit tilskott frå Hekta me ikkje hadde rett på som måtte tilbakebetalast.

Kyrkjeleg administrasjon, kyrkje og gravplassar

Fellesrådsverksemda	2022	Budsjett	Avvik
Kyrkjeleg administrasjon, overskott	-31129		-31129
Kyrkjer, underskott	3868	-35000	38868
Gravplasser, overskot	-35621	0	-35621
Sum overskot	-62882	-35000	-27882

Fellesrådsdrifta har eit overskott på kr. 62882,- som er kr. 27882,- betre enn budsjettert. Meir detaljert gjennomgang kjem i samband med årsoppgjer. I budsjettet ligg det bruk av disposisjonsfond på totalt kr. 270 000,- . Men når det er mindreforbruk vert dette redusert. Kyrkja hadde ved årets start eit disposisjonsfond på kr. 730 123,-

Årsmelding for Gudstenesteutvalet 2022

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, soknerådsleiar Åse Austrud og Arna Berg.

Gudstenesteutvalet hadde møte 17. januar der også organist Oddbjørn Stakkeland og kyrkjevevje Sjur Høgetveit deltok. Planlegging for komande år, stort kyrkjejubileum, meir musikk og spørsmål om nytt piano i Åseral kyrkje kom opp, musikkopplegg for påskeaftan i Åknes kapell.

Soknepresten sette opp forslag til gudstenesteliste for 2023. Åse Austrud og Arna Berg sette opp forslag til offerliste for 2023, og har elles samarbeida om å skaffa frivillige klokkarar og kyrkjevertar, samt kyrkjekaffi og andre praktiske ting.

Det har vore 4 frivillige klokkarar og 8 kyrkjevertar.

Åseral, 22. februar 2023

Arna Berg

Årsmelding for Trusopplæringsutvalet 2022

Medlemmar: Sokneprest Kjell Steinbru, Andreas Forgard, soknerådsleiar Åse Austrud og Gunvor Ljosland. I tillegg Arna Berg som er engasjert i organisering av trusopplæringsarbeidet og gjennomføring av planen.

Utvalet har hatt 2 møter og arbeidd med justering av Trusopplæringsplanen for å få til noko for alle aldersgrupper som er gjennomførbart.

Åseral kyrkjelyd har 6 frivillige kyrkjefadrar som vitjar barnet og familien og har med gåve ved 1, 2 og 3 års dåpsdag, samt invitasjon til gudstenesta ved utdeling av 4. års boka.

Utvalet har hatt gjennomgang av gåvene etter innspel frå kyrkjefadrane, og det blei kjøpt inn nye og meir tidsrette gåver.

Gunvor Ljosland er tilsett som trusopplærar for babysang. Anna Heggland har vore inne som trusopplærar for Tårnagentsamling og Kyrkjerotter.

Underskrivne deltok på erfaringsdeling om trusopplæring i Otredalen prosti den 8. februar.

Åseral, 22. februar 2023

Arna Berg

Årsmelding for Diakoniutvalet 2022

Medlemmar: Prostidiakonen, sokneprest Kjell Steinbru, Lise Marit Tickner og Arna Berg.

Utvalet hadde møte før prostidiakonen slutta, ellers har det vore kontakt over telefon.

«Stille stund» - Allehelgens samling i Åseral Kyrkje, laurdag 5. november kl. 19:00.

Dei siste åra har ein hatt allehelgens samling i Åseral kyrkje, som vert kalla «Stille stund». Kvelden er open for alle, men det vert sendt invitasjon til dei som har mista nokon av sine det siste året. Ord til trøyst ved Kristina Grundetjern, og det blei tend ljøs for dei som gjekk bort siste året. Ved orgelet Ann-Margret Haaland. Samlinga vart avslutta med kyrkjekaffi.

Blomar til alle over 80 år.

Frivillige vitja alle over 80 år (medlemar i kyrkja) føre jol med blome og jolehelsing. 38 medlemmar fekk blome og helsing.

Diakoni på Eikerapen Rootsfestival.

Underskrivne saman med Ingrun og Rune Moen stilte med Kyrkjeteltet den 9. og 10. juli under Rootsfestivalen. Det var godt samarbeid med festivalleinga.

Åseral, 22. februar 2023

Arna Berg

Årsmelding for prostidiakonen i Nedre Otredal, januar-juni 2022

01.07.22 opphørte diakonisamarbeidet mellom Evje og Hornnes, Åseral, Vennesla, Øvrebø, Hægeland og Iveland menigheter. Her er en rapport for arbeidet som ble gjort januar-juni.

Prostidiakonen var delvis sykemeldt frem til midten av mars.

Her er noen høydepunkter:

- Pilegrimsvandring i 25.-28. juni fra Sandnes kyrkje i Bygland til Iveland kirke. I overkant av 25 pilegrimer vandret sammen. Komiteen bestod av Per Emanuelsen, Svein Kleivane, Bernt E. Berntsen, Jo Inge Rosseland, Adina Skaiaa og Helga Victoria Aas Johnsen. I november startet planleggingen av vandringen for 2023, hvor komiteen består av Per Emanuelsen, Svein Kleivane, Bernt E. Berntsen, Jo Inge Rosseland, Randi Kiledal, Lars Asbjørn Ihlebakk, Arna Berg, Åse Austrud og Helga Victoria Aas Johnsen. Denne vandringen starter i Åseral, og går over Hornnes, Hægeland, Øvrebø før vi når målet i Vennesla nye kirke.
- Diakonens dag ble holdt 23. januar i Vennesla, 27. mars i Iveland og 24. april i Hægeland.
- Sykehjemsandakter: I Åseral hadde diakonen faste andakter, ca. annenhver uke fra mars til juni. Hadde også noen andakter på Evjeheimen og Hægelandshimen.
- I februar var diakonen med på diakonsamling for Agder og Telemark bispedømme på Vegårtun. Det var gledelig å kunne være sammen med diakonkolleger igjen, forrige samling var i 2020, like før pandemien brøt ut.
- Et høydepunkt våren 2022 var åpningen av Vennesla kirke. Diakonen bidro særlig i forhold til festlunsj i festuka, med planlegging og gjennomføring. I løpet av april og mai kom det en del grupper som ville ha omvisning, og diakonen tok imot flere av disse. Arbeidsdagen har blitt både mer travel men også langt bedre etter at vi kom inn i nye lokaler. Det er mer sosialt, lokalene er flotte og det er godt å gå på jobb her.

Så ble det altså vedtatt på representantskapsmøte i mars at prostidiakonisamarbeidet skulle oppheves. Timingen var god, da undertegnede ønsket å redusere stillingen for å starte på teologistudier. Fra 01.07.22 ble stillingen redusert til 40% diakon i Vennesla, Øvrebø, Hægeland og Iveland menigheter.

Vennesla, 21.02.23

Helga Victoria Aas Johnsen

Kyrkjebladet for Åseral, Evje og Hornnes

Årsmelding for 2022

Styre og redaksjonskomite.

Frå Evje og Hornnes sokneråd: Lindy Eidem, Inger Juvastøl og Ingvar Østerhus.

Frå Åseral sokneråd: Olav Åsland og Arna Berg.

Styreleiar og redaktør: Arna Berg.

Sekretær: Olav Åsland.

Møte.

Styret har hatt eit møte, 14. februar.

Redaksjonskomiten har hatt 4 møte, 14. februar, 25. april, 29. august og 10. oktober.

Trykkeri.

Kyrkjebladet vert trykt ved Setesdalstrykk AS som og har ansvar for layout/ombrekking.

Utgjeving.

Det vart gjeve ut 4 utgåver, påske, sommar, haust og jol. A4 format og 12 sider i fargar.

Økonomi.

Styret/redaksjonskomiteen gjer alt arbeid med bladet utan nokon form for økonomisk godtgjering. I Åseral er det frivillige som køyrer rundt med kyrkjebladet til husstandane i Åseral sokn. Inntektene er annonsar, gåver og offer til bladet. Trass i det omfattande frivillige arbeidet som vert lagt ned, så greier vi likevel ikkje å koma i driftsbalanse for året, men må bruka av oppsparde midlar i banken.

Takk.

Takk for godt samarbeid med tilsette og kyrjekontora i begge sokn og særleg kyrkjeverje Sjur Høgetveit som har ansvar for rekneskapen.

Takk til alle som på ulike måtar har medverka til at kyrkjebladet har blitt så vellukka!

Åseral 13. februar 2023

Arna Berg
Styreleiar/redaktør